

Tidlegare korespondanse. Frå Aud Karin Oen, SV

Viser til spørsmål og svar vedkomande sikring av Askøybrua og ber om utdjuping i høve til korleis punktet om utgreiing av fysisk sikring i vedtak 12/13 skal forståast.

Askøybrua Kva er status i vedtak 12/13 om Askøybrua, vakt, sikring, kameraovervaking?»

Fylkesordføraren hadde utarbeidd slikt svar:

«Vedtak i fylkesutvalet 31.01.13: «Fylkesutvalet viser til «Utredning om kameraovervåking av Askøybrua» og vedtek å implementera IR detektorar kombinert med videoovervaking på Askøybrua så snart som mogleg, for å hindra sjølv mord. Det vert lagt opp til å evaluera tiltaket innan 2 år, før det eventuelt vert vurdert å iverksetja andre tiltak.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med ei utgreiing om fysisk sikring av Askøybrua.

Det skal straks setjast opp informasjonsplakatar og -materiell tilgjengeleg og synleg ved bruportalane og/eller inngangen til brua med informasjon om hjelpetelefon og andre tilbod som vert gjevne i regi av frivillige organisasjonar.

Vakthaldet ved brua vert oppretthalde inntil vidare.»

Frå Statens vegvesen har me fått opplyst at informasjonsskilt med materiell om kontakt-telefon m.m. er montert ved bruportalane. Det er vidare sendt søknad om konsesjon for videoovervaking til Datatilsynet. Det er utarbeidd konkurransegrunnlag for videoovervakingssystem, men ein vil avventa utsending av dette til konsesjonssøknaden er innvilga. Videoovervakingssystemet vil truleg vera ferdig installert våren 2014.»

Svar:

Under handsaminga av sak 12/13, 31.1.2013, sette Terje Søviknes på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med ei utgreiing av fysisk sikring av Askøybrua.»

Forslaget vart samrøystes vedteke. Etablering av fysisk sikring på Askøybrua handlar i praksis om å setja opp høgare rekkverk. Askøybrua er ei relativt slank hengebru der ein må vera heilt sikker på at ei endring av rekkverk ikkje fører til uønska effektar med tanke på tryggleiken på brua i vind. For å utgreia montering av høgare rekkverk må Statens vegvesen først kontrahera byggeteknisk konsulent for å finne alternative utformingar av rekkverk på begge sider av brua inklusive viaduktar. Når dette er utført må ein kontrahere vindteknisk konsulent og gjennomføre vindtunnelforsøk med eitt eller fleire av dei aktuelle rekkverksalternativa. Når dette er utført vil ein kunna gje svar på om det er mogleg å montera eit høgt rekkverk, og i så fall kva rekkverkstype som ein skal tilrå, med tilhøyrande kostnadsoverslag.

Ein må i dette arbeidet også så langt råd er ta omsyn til at brua kan bli utvida ved at det vert montert ny gangbane på utsida av eksisterande bru. Statens vegvesen reknar med at ei slik utgreiing vil ta omtrent eit år, og ha ei kostnadsramme på 2 mill. kroner. Byggetida for nytt rekkverk, inklusive detaljprosjektering, anskaffing, produksjon av rekkverk og montering vil vera om lag eitt år, litt avhengig av kva løysing ein eventuelt vel. Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet 25.9.2013, i melding 208/13, at han legg opp til å setja av midlar til dette utgreiingsarbeidet i «Plan- og byggeprogram 2014. Fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen)». Utgreiinga om fysisk sikring bør då kunna liggja føre i 2014/2015.